

(27) STJERNESKOT

Eg tenker at dette er ei vise for barn som ikkje har det altfor travelt med å bli vaksne ...


Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

D Bm F#m Em Em7




Eg står her midt i nat-ta og ser ut i tid og rom, og und-rast på om him-mel-en er

A7 D Bm F#m Em Em7




4 stapp-full el-ler tom. Eg tenk-er på at Gud er god og luk-ke-leg og glad og søv så søtt i him-melslott der

A7 F#m Bm Em A7 F#m Bm Em



8 u-te nok-on stad. Sjå der! ei stjer - ne, ho vil oss vel, ei stjer - ne, ho er vår

A7 F#m Bm Em A7 D Bm Em A6 D



13 draum, ei stjer - ne, som skin for deg og meg.



Eg står her midt i natta og ser ut i tid og rom,
og undrast på om himmelen er stappfull eller tom.
Eg tenker på at Gud er god og lukkeleg og glad
og søv så søtt i himmelslott der ute nokon stad.
Sjå der! ei _ stjerne, ho vil oss vel!
Ei _ stjerne, ho er vår draum!
Ei _ stjerne, som skin for deg og meg!

Det er så mangt og mykje her eg ikkje kan forstå,
eg lurar på om menn på Mars er grønne eller blå.
Og når vi tuslar rundt ikring med kvar vår paraply
så er det kanskje englane som tissar frå ei sky.
Sjå der! ei _ stjerne, ho vil oss vel!
Ei _ stjerne, ho er vår draum!
Ei _ stjerne, som skin for deg og meg!

Eg veit `kje nok om himmelrom og kva som er og var.
Eg ser no berre det eg ser og undring er mitt svar.
Men når dei seier at eg går på Mjølkevegens veg
då er det Gud på skøyarferd som blunkar blidt til meg.
Sjå der! ei _ stjerne, ho vil oss vel!
Ei _ stjerne, ho er vår draum!
Ei _ stjerne, som skin for deg og meg!

Når himmelrommet opnar seg og natta er så svær
så har Vårherre gjort det klårt kor bitte små vi er.
Vi står der med vår saknad og vår hunger og vår tørst,
men kanskje er det nettopp då at mennesket er størst.
Sjå der! ei _ stjerne, ho vil oss vel!
Ei _ stjerne, ho er vår draum!
Ei _ stjerne, som skin for deg og meg!